

brīvība

'fridom'

LATVISK

På 1900-tallet vann staten Latvia fridommen sin to gonger, men ordet 'fri' i latvisk kjem frå lågtysk.

Latvisk er morsmål for litt over to millionar menneske, og av desse bur ca. 1,7 millionar i Latvia. Landet blei uavhengig i 1918 etter å ha vore ein del av det russiske keisarriket sidan 1700-talet. Den første fridomstida varte fram til 1940, da landet blei okkupert av Sovjetunionen. Sidan følgde tysk og ny sovjetisk okkupasjon. Først i 1991 vann landet fridommen att. I dag er latvisk eit av dei offisielle EU-språka.

Eit baltisk språk

Latvisk høyrer til den baltiske greina av den indoeuropeiske språkfamilien. I dag har denne greina berre to språk: latvisk og litauisk. Eit tredje baltisk språk, gammalprøyssisk, er bevart i form av nokre tekstar, men dette språket døydde ut på 1700-talet. Latvisk og litauisk er nære slektningar. Dei har mange ord sams, og mykje er likt i latvisk og litauisk grammatikk. Likevel er språka såpass ulike at latviarar og litauarar ikkje kan snakke saman med mindre dei har lært det andre språket. Det er mellom anna mange skilnader i uttalen. Latvisk har fast trykk på første staving i (nesten) alle ord, medan i litauisk kan trykket liggje ulike stader i ordet og også hoppe frå ei staving til ei anna når ordet blir bøygd. For eit norsk øyre høyrer litauisk mjukare ut enn latvisk. Her er setninga 'Vi treffest i morgon halv fem ved fridomsmonumentet' på dei to språka (feit skrift markerer trykk):

latvisk: **S**atiekamies rīt **p**us**pie**cos pie **Brīvības** **pi**eminekļa.

litauisk: **S**usitinkame rytoj **p**usę penktos prie **L**aisvės paminklo.



Teksten på fridomsmonumentet i Riga, *tēvzemei un brīvībai*, tyder 'for fedrelandet og fridommen'. Monumentet er frå 1935.



Riga er den største byen i Baltikum og har alltid vore eit knutepunkt mellom aust og vest. Vi ser ein av marknadshallane frå 1920-talet, gamlebyen og litt av elva Daugava.



Gamlebyen i Riga har mange historiske bygg som viser arven frå hansatida. I bakgrunnen ser vi Johanneskyrkja. Den første kyrkja på denne plassen blei bygd på 1200-talet.

Påverknad frå vest og aust

Det lågtyske språket har sett djupe og varige spor i latvisk – nett som i norsk. I Latvia byrja den tyske påverknaden med at landet blei hærtatt og kristna av tyske korsfararar på 1200-talet. Riga var ein viktig by i hansaforbundet, og tyske jordeigarar åtte mykje av jorda i landet heilt fram til 1900-talet. Det latviske adjektivet *brīvs* 'fri' er eit av mange latviske lån frå lågtysk. På lågtysk heitte det *vrî*. Latvisk hadde ikkje <v>, så latviarane uttalte i staden [b] først i ordet, og med tida la dei til ei latvisk ending slik at dei kunne bøye ordet som andre latviske adjektiv. Substantivet *brīvība* 'fridom' er avleidd av *brīvs* etter eit mønster som er vanleg i latvisk. Går vi tilbake til 1800-talet, finn vi eit anna ord for 'fri' som var mykje brukt: *svabads* (og *svabadība* for 'fridom'). Medan *brīvs* er lånt frå lågtysk, er *svabads* eit lån frå gammalrussisk. Latvisk har lånt i rik mon både vestfrå og austfrå, frå germanske og slaviske språk. Det bør òg nemnast at dei austersjøfinske språka livisk og estisk har sett mange spor i det latviske språket, både i ordtilfang og grammatikk. Det faste trykket på første staving er òg truleg resultat av austersjøfinsk påverknad.



Skann eller trykk på QR-koden for å sjå ein kort animasjonsfilm om latvisk historie.



Vil du vite meir om lågtyske ord i latvisk, kan du lese om det her (skann eller trykk):



Sturla Berg-Olsen, Språkrådet

Ordfestivalen



UNIVERSITETET
I OSLO